

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 12.03.2019

På Årstad VGS har elever ønsket å opprette et skolelag. Laget er en kristen ungdomsorganisasjon som vil gjøre Jesus kjent på alle skoler og studiesteder i Norge. Laget har en 95-årig tradisjon i Norge og er etablert på over 200 skoler. Rektor og opplæringsavdelingen har gitt avslag på søknaden om å få benytte lokaler til denne aktiviteten på Årstad.

1. Er fylkesrådmannen enig i at frivillige ungdomsorganisasjoner som utgangspunkt bør få benytte lokaler dersom det er tilgjengelig kapasitet på skolene?
2. Vil fylkesrådmann ta initiativ til at avslag som blir gitt pga manglende kapasitet i utgangspunktet blir endret til "satt på venteliste"?
3. Vil fylkesrådmannen legge til grunn at enhver søknad om å benytte lokaler vurderes selvstendig og ikke få avslag fordi andre har fått avslag på andre typer bruk av lokaler?
4. Vil fylkesrådmannen i denne saken ta initiativ til at det gjøres en ny vurdering for å finne en praktisk løsning for at skolelaget kan avholde møter?

Svar på spørsmål frå Tor André Ljosland (KrF) – Skolelag

1. Er fylkesrådmannen enig i at frivillige ungdomsorganisasjoner som utgangspunkt bør få benytte lokaler dersom det er tilgjengelig kapasitet på skolene?

Fylkesrådmannen er positiv til at frivillige ungdomsorganisasjonar er aktive og engasjerer seg. Dersom skulen har tilgjengelig kapasitet meiner derfor fylkesrådmannen at skulen bør vere open for at frivillige ungdomsorganisasjonar får nytte ledige lokalar. Tilgjengelig kapasitet er uansett ei løypande vurdering som rektor gjer.

Det er likevel nokre atterhald som må gjerast. Dette går på at vi ikkje kan akseptere at det vert tildelt faste rom. Vidare må aktiviteten samsvare med formålet i opplæringslova. Det inneber at skulen kan nekte organisasjonar som går mot dette. Det må også vere snakk om ikkje-kommersielle ungdomsorganisasjonar. Ordensreglementet gjeld for ungdomsorganisasjonen medan dei får nytte skulens lokalar.

2. Vil fylkesrådmann ta initiativ til at avslag som blir gitt pga manglende kapasitet i utgangspunktet blir endret til "satt på venteliste"?

Dersom hovudargumentet for å gi avslag går på manglende kapasitet kan sjølv sagt avslaget verte endra til å bli «satt på venteliste». Eventuelt gir man eit tidsavgrensa avslag. Seinare, ved ny vurdering av tilgjengelig kapasitet, må søknaden som har fått avslag tidlegare vurderast før andre søknadar som er komne inn i ettertid.

3. Vil fylkesrådmannen legge til grunn at enhver søknad om å benytte lokaler vurderes selvstendig og ikke få avslag fordi andre har fått avslag på andre typer bruk av lokaler?

Fylkesrådmannen legg til grunn at kvar søknad sjølv sagt skal vurderast for seg. Vi må likevel ha ein prinsipiell tilnærming som sikrar lik handsaming og heilskap. Avgjerdene må skje på skulenivå. Skuleeigar bør likevel ha oversyn for å sikre likskap på skulane. Dette kan skje ved at skuleeigar til dømes får kopi av svarbrev frå skulane.

4. Vil fylkesrådmannen i denne saken ta initiativ til at det gjøres en ny vurdering for å finne en praktisk løsning for at skolelaget kan avholde møter?

Ja, gitt dei atterhalda som er omtala ovanfor.

For at vi skal få lik handsaming på skulane våre vil fylkesrådmannen opprette rutinar for korleis og på kva måte søknader om bruk av skulens lokalar til frivillige, ikkje-kommersielle ungdomsorganisasjonar skal handsamast. Dette vil verte innarbeidd i rutinen vi allereie har for politisk verksemd ved skulane våre.